

Meir effektiv med 5S

Jæren Industri-partner har fått sitt Toyota 5S-sertifikat. Det betyr mykje når bedrifta skal sikre seg nye kontraktar.

STEINAR SANDVIK | tekst og foto
ssa@jbl.no

Som første avdeling i Jæren Industripartner fekk mekanisk avdeling på Nærhø fått sitt 5S-sertifikat tysdag 31. august. Jan Hansen, konsulent for sertifiseringsprogrammet, har aldri opplevd ei bedrift med høgare karakter. For å oppnå sertifikatet var grensa karakter 4. Jæren Industripartner låg mellom 4,8 og 4,98.

Alle er med

Og det syner at her har det skjedd noko viktig. Arild Kastmann, dagleg leiar i den kommuneeigde bedrifta, viser stolt rundt i den mekaniske avdeling som verkeleg har blitt skeina opp. Og rundt han er det berre tilfede tilsette, både arbeidstakarar og arbeidsléarar.

– Dette er ikkje noko leinga ved bedrifta har tredd ned over hovudet på dei tilsette, seier Jan Hansen frå Samarbeidsutvikling. – Her har alle tilsette blitt involverte og delaktige i prosessen fram til endeleg godkjenning. Det betyr enormt mykje for å halde standarden oppe vidare. Hansen har saman med dei tilsette og leinga brukt 12-14 veker på gjennomføringa av sertifiseringsprogrammet. Tysdag 31. august var den store eksamensdagen. Då vart punkt for punkt gått nøye gjennom, og karakter fastsett.

Først
Jæren Industripartner si mekaniske avdeling er første bedrift



GLEDE: Fornøgde tilsette ved Jæren Industripartner si mekaniske avdeling på Nærhø. Frå venstre driftsléiar Tore Løvås, John Cristian Eriksen, arbeidsléiar Siri Kvía og Vikram Ree.

i Norge av sitt slag som har fått slik godkjenning. Og nye avdelingar skal gjennom same prosessen.

– Seinare i haust set vi i gang arbeidet med treavdelinga på Øksnevad, og på nyåret er det avdelinga på Håland ved Blyne som står for tur, seier Kastmann. Han legg til at kollegaer frå tilsvarende bedrifter elles i landet har vist stor interesse for sertifiseringa. No blir dette tema på eit fellesmøte mellom alle leiarane.

Visuelt

– Det unike med 5S-sertifiseringa er at opplegget er så visuelt. For oss passer det midt i blinken. Det er lett å forstå, og arbeidstakarane våre treng ikkje gå gjennom mange permar med skriftleg dokumentasjon for å vite korleis dei skal utføre arbeidet, seier Kastmann. Eitt døme på forbetring er at

det no er laga faste planar for kvar verktøy skal vere. Alle har vore med på å finne dei beste løysingane slik at arbeidet vert mest mogeleg effektivt. Det er også laga rutinar for reinhald av maskinar og anlegg, kven som har ansvar og kva tid arbeidet skal utførast. Bilete med tydeleg og klar oversikt heng på kvar enkelt maskin og på kvar arbeidsstasjon.

Kontraktar

Sjølv om dette har kosta bedrifta nokre kroner, er Arild Kastmann trygg på at dei vil ha det igjen i samband med kontraktar.

– Det som utløyste det heile for oss var at vi hadde sett oss føre å få kontraktar med Kverneland. Og vi har ein samarbeidsavtale med TKS Heis. Kortkje Kverneland eller TKS var fornøgde med det dei såg på avdelinga vår.

– Vi tok signala og sette oss ned for å få eit sikrare og meir effektivt produksjonssystem. No er sertifikatet på plass, og eg ser fram til å vise fram avdelinga vår hos bedriftene som er våre kundar, seier Kastmann.

Eit løft

Kastmann seier at heile avdelinga har fått eit nytt ansikt, og dei tilsette har fått eit skikkeleg løft.

– Gjennom dette systemet skal vi utvikle våre tilsette vidare. Dette har mykje å seie for HMS-arbeidet, våre tilsette vert tryggare og sikrare i arbeidet sitt, og vi får utvikle eit mykje betre arbeidsmiljø, seier Arild Kastmann. Han legg til at mange av bedriftene Jæren Industripartner samarbeider med har 5S-sertifisert deler eller heile produksjonen.

FAKTA

TOYOTA 5S

- 5S skal vere med og skape ein effektiv arbeidsplass.
- Dei 5 S-ane er eigentleg fem japanske ord som byrjar på S. Dei set alle fokus på å halde arbeidsplassen i orden og rein.
- SORTERE: Fjerne unødvendig materiale frå arbeidsplassen og vaske golvet.
- SYSTEMATISERE: Merke material og verktøy og plassere det på oppmerka plassar.
- SKURE: Reingjere arbeidsplassen og maskinar.
- SJA ETTER: Analysere grunnårsaken til smuss og halde orden.
- STANDARDISERE: Skape reglar og rutinar for å halde vedlike 5S.



TYDELEG: God oversikt på arbeidsplassen til Vikram Ree.



SYSTEM: John Cristian Eriksen held det reint på arbeidsbenken